

800 ÅR TIL VEDLIKEHALD AV STAVKYRKJER

BAKGRUNN OG RELEVANS

Innleiing



Torpo stavkyrkje i Valdres, bygd kring år 1195. (Foto: Wikimedia Commons)

“Den høye, dystre bygningen har et temmelig selvbevisst uttrykk. Det er som den sier:

**“her står jeg, like godt etter 800 år,
og skal nok klare meg uten hjelp i 800 til!”**

Slik har Gunnar Bugge omtalt Torpo stavkyrkje i Valdres, og det er ei skildring som passar godt til mange av dei andre stavkyrkjene. Det er bra at stavkyrkjene er slike sterke, sjølvmedvitne karakterar, og dette er noko av det flotte med dei. Eg vil likevel ikkje ta sjangsen på at så vakre, unike og verdifulle bygningar held i 800 år til utan hjelp, sjølv om dei inngir ei slik sjølvstende.

PROBLEMTILLING OG MÅL

Korleis kan 800 år gamle trebygningar leve i 800 år til?

Målet mitt med oppgåva er å sikre lang levetid for stavkyrkjene i Norge ved å laga eit dokumentasjons- og vedlikehaldsverkøy, “Ved Like”, med Gol stavkyrkje som eksempelobjekt.

FORVALTING OG VEDLIKEHALD AV STAVKYRKJENE I DAG

Per i dag finst det ikkje noko overordna verkøy for dokumentasjon og vedlikehald av stavkyrkjene, men det er frå Riksantikvaren og forvaltarane si side uttrykt eit behov for det. Eit dokumentasjons- og vedlikehaldsverkøy vil kunna bli teke i bruk av forvaltarane for stavkyrkjene, og vera eit nyttig reiskap i deira arbeid. Verktøyet er òg overførbart til arbeid med andre eldre trebygningar.

I 2001 sette Riksantikvaren i gang **stavkyrkjeprogrammet** for å setta i stand og konservere alle stavkyrkjene i Norge innan 2015. I dette arbeidet inngår òg dokumentasjon i form av oppmåling og registrering av kyrkjene, for å supplere det materialet som finst, og gi eit betre grunnlag for restaureringsarbeidet. Når stavkyrkjeprogrammet nå nærmar seg slutten, er det viktig å sjå framover og ha ein plan for vedlikehaldet av kyrkjene i framtida. Med programmet følgjer det økonomiske middel, men etter 2015 er det ikkje lenger ein automatikk i pengeløysing til vedlikehald av stavkyrkjene. Da kan god kartlegging og dokumentasjon av vedlikehaldsbehov vera sentralt i søking av middel.

ARKITEKTEN SI ROLLE - MI ROLLE

Som arkitekt kan eg i denne samanhengen bidra med overordna kunnskap innfor bygningsvern, dokumentasjon, analyse, teikning, bygningsteknikk, handverk, materialbruk, kulturhistorie, forvaltning og grafisk framstilling, og såleis ha med meg eit heilskapleg syn i arbeidet med forvaltning og vedlikehald.

Arkitektar trengst på fleire område enn prosjektering av nybygg. Mellom anna er denne heilskaplege og samstundes praktisk detaljerte kunnskapen vi kan bidra med, etterspurt innfor arbeidet med å ta vare på den verna bygningsmassa vi har i Norge. For arkitektar er det ei framtid i fortida, med tanke på at det blir fleir og fleir verna bygningar, og at prosjektering relatert til eksisterande bygningsmasse kan bli meir naudsynt i framtida.

Stavkyrkjene



Den omlag 940 år gamle Urnesportalen.

UNIKE I NORGE OG VERDA

Av dei over 1000 som Norge har hatt, har vi berre att 28 stavkyrkjer med originale delar her i landet, og har ikkje råd til å miste fleir av dei, korkje brått eller sakte. Dei har ei spesiell rolle som kulturminne både her til lands, og internasjonalt. I 1979 kom stavkyrkjene, representerte ved Urnes (som har delar frå 1070-talet, mellom anna nordportalen), på UNESCO si verdsarvliste.

Grunna denne unike rolla er det viktig med god dokumentasjon og godt vedlikehald av stavkyrkjene, og ikkje minst, fagpersonar med kunnskap om forskjellige aspekt ved stavkyrkjene.


ARKITEKTONISKE KVALITETAR

Stavkonstruksjonen er imponerende velegna for kyrkjebygg, med tanke på at du kan få veldig høge rom med ein slank konstruksjon. Dette, saman med måten dei forskjellige kvalitetane og eigenskapane til treet er brukt på mest mogleg optimal måte, med godt utført handverk, gir stavkyrkjene ein høg teknisk kvalitet. Medvitne bruk av utsiftbare slitedelar som vernar sjølve konstruksjonen, kombinert med kvalitetsvirke, gjer stavkyrkjene veldig haldbare. Få og små, men effektfulle ljossinnslepp høgt oppe gir ei høgstemt romoppleving.

UTFORDRINGAR FOR ELDRE TREBYGNINGAR

Ein gamal trebygning blir utsett for fleire farer og former for slitasje, som gjer dokumentasjon, førebyggjande tiltak, ettersyn og vedlikehald avgjerande:

- naturleg nedbryting av treverk:
 - fukt, regn, kondens
 - solstråling
 - forureining, støv, sand
 - bakteriar, sopp, alger, insekt
 - varme, frost
 - vind, snø, røysle i treet
- klimaendringar som skjer raskare nå enn tidlegare
 - varmare og fuktigare klima, gir auka fare for råte, sopp og treskadeinsekt
 - meir ekstremvær, auka fare for stormar, flom, etc.
- slitasje gjennom bruk
 - vanleg bruk (t. d. som kyrkje)
 - turisme
- brann
 - lynnedslag
 - skog-/bråtebrann
 - uhell/uforsiktigheit (menneskeleg)
 - feil på elektrisk anlegg
 - påtenning (hærverk)
 - hærverk (skade, tjuveri, brann)
- manglande/forsvinnande handverkskunnskap
- bygningane i eit kulturlandskap i endring



Snittperspektiv: stavkyrkje med heva midtrom (Borgund-typen) (H. Christie/Wikimedia Commons).

KONSTRUKSJON

Definisjonen på ei stavkyrkje er at ho er bygd opp av stavverksveggar. Desse er sett i hop av botnsvillar, hjørnestavar, veggplankar og stavlegje. Botnsvillane er høge og trapesforma, og har eit spor på oversida som veggplankane blir felt ned i. I hjørna er botnsvillane felt i hop med hjørnestavane og festa med trenaglar. Veggplankane er sett i hop med not og fjør, og mot stavane endar dei alltid i ei fjør som går inn i ei not i staven. I overkant er veggplankane tappa inn i eit spor i stavlegja. Det finst små variasjonar innfor desse grunnprinsippa.

ROLLE FØR OG NÅ


Stavkyrkjene kom som eit norsk svar på kyrkjeromma som det vart bruk for med den nye religionen som kom til landet på 1000-talet, side om side med steinkyrkjene. Etter svartedauden var stavkonstruksjon i stor grad ein gløymd kunst, og laft og etterkvart reisverk vart dei vanlege konstruksjonsmåtene for trekyrkjer. Nye kyrkjer som vart bygde etter reformasjonen hadde òg andre krav til interiør og funksjonalitet, ein opplevde stavkyrkjene som mørke og gamaldagse. Med folkevekst og etterkvart nye kyrkjelov vart stavkyrkjene utrangerte og hadde så låg status at mange hundre forsvann i løpet av 17- og 1800-talet.

Det var altså når vi heldt på å miste stavkyrkjene heilt at dei vart oppdaga på nytt, sett med nasjonalromantisk og antikvarisk blikk, og hadde frå byrjinga hovudrolla i utviklinga av norsk bygningsvern. Omfattande restaureringar og monumentstatus løfta stavkyrkjene fram i ljuset att. Stavkyrkjene vart automatisk freda etter kulturminnelova frå 1978. Mange har vorte museumsobjekt, enten på eller utanfor museum. Slik har vegen gått frå ordinære soknekyrkjer til avlegge alternativ der ein ikkje hadde råd til noko betre, vidare til nasjonalklenodie og nå, dei framste symbola på norsk kulturarv.

STAVKYRKJEPROGRAMMET

For vedlikehaldsprojekta i Riksantikvaren sitt stavkyrkjeprogram, som strekk seg frå 2001 til 2015, er praksisen å gjera korkje meir eller mindre enn det som er naudsynt. Alle kyrkjene skal settast i stand til eit nivå som er forsvarleg for ei god stund framover, men, i følgje informasjonsida til programmet: “arbeidet krev ei varsam og analytisk tilnærming slik at unødige skadar ikkje oppstår. Målet er å ta vare på mest mogleg av dei originale bygningsdelane. Erfarne handverkarar som har erfaring med tømmerhus frå mellomalderen og andre bygningsvernprosjekt er med på istandsettjinga.”


Det er forskjellig arbeid som har vore gjort på stavkyrkjene i perioden. Nokre av dei har greidd seg med enkelt dokumentasjons- og ettersynsarbeid, medan andre har trengt omfattande istandsetting som å heve heile kyrkja 30 cm opp frå grunnen, til skifting av all takspion i tillegg til tjørebreding. Sistnemnde vart gjort på Gol stavkyrkje i 2012. Under kan du sjå eit av dei mindre slitte utskifta takspiona frå 1884 (laga i gran), og eit av dei nylaga takspiona for tekkning i 2012 (laga i malmfuru).




Sleeplys frå ei lysglugge i det heva midtrommet i Gol stavkyrkje.



I 1992 brann den gamle Fortun stavkyrkje på Fantoft i Bergen ned etter tragisk hærverk i form av påtenning. (Foto: Ola Storsletten)



Rolle før og nå: frå (etterkvart utrangerte) soknekyrkjer til det framste av norsk kulturarv.



• Lita røtefare
• Middels røtefare
• Høg røtefare
• Stavkyrkje

Som vi ser av dette kartet vil klimasonene forsvike seg dei neste tiåra, slik at mange av stavkyrkjene får klimaforhald som gir auka røtefare.

(SINTEF/ Meteorologisk institutt)